



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2010 - 15/13362

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - Asylmottak - bruksendring - dispensasjon frå arealføremål - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om bruksendring av tidlegare kommunal sjukeheim – Hordabøheimen – til privat asylmottak for einslege mindreårige flykningar (15-18 år).

Søknad om bruksendring er ikkje motteke av kommunen, men innhaldet i søknaden er avklart i førehandskonferanse med ansvarleg søkjer. For å spare tid vert søknad om dispensasjon frå arealføremål sendt andre styresmakter til uttale parallelt med nabovarsling og utarbeiding av sjølve byggesøknaden.


Planstatus

Hordabøheimen ligg i området som etter reguleringsplan for Nordbø, planid. 12601994000100, har arealføremål Offentlige bygningar.



Reguleringsplan med kart og føresegner følgjer vedlagt.

Eigedomen har i Kommuneplan for Radøy kommune arealføremål Tenesteyting, offentlig eller privat.



Kommunen legg til grunn at tiltaket er i tråd med arealføremål tenesteyting i overordna plan, men i strid med spesifiseringa av at tenesteytinga skal vere offentlig etter gjeldande reguleringsplan frå 1994. Bruksendring til asylmottak vil difor ha trong for dispensasjon frå arealføremål Offentlig i reguleringsplanen.

Tilkomst

Hordabøheimen har tilkomst frå kommunal veg som igjen har avkøyrsløse til fylkesveg 409. Tilkomst og avkøyrsløse følgjer av reguleringsplan for Nordbø.

Tidlegare tilkomstveg forbi Bø barnehage er stengt i samsvar med reguleringsplan for Nordbø, jf. kart og føresegnene § 3 nr 1.

Det er kommunen sin vurdering at drift som asylmottak ikkje endrar trafikktilhøva vesentleg . Trafikk til asylmottaket vil som for sjukeheimen vere knytt til tilsette, vareleveransar og vaktmester-/reinholdstenester.

VA

Eigedomen er knytt til kommunalt leidningsnett for vatn og avlaup.

Frist

Kommunane er i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 22.10.15 oppmoda til rask handsaming av saker som gjeld etablering av asylmottak. Det fremgår av brevet at «*Statlige instanser som skal høres i forbindelse med dispensasjon frå plan, må akseptere at det gis korte frister for uttale*».

Frist for uttale vert sett til **1 veke . Uttale må liggje føre innan 16.11.2015.**

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

19941208

19941208

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen Region vest

Postboks 7310

Askedalen 4

5020

6863

BERGEN

Leikanger